

**Statens Vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger**

Rødne, 02.07.2018

Merknader til tilrådd alternativ i planprogram for E16 og Vossebana (K5).

Me viser til vårt brev datert 13.06.2018 der me mellom anna peika på moglege bruk av overskotsmassar. I etterkant av at vårt brev vart sendt, og i etterkant av omtale i lokalavisa her i Samnanger, har med motteke ein oppmoding frå ein av medlemmane i Næringsforumet om ta med i merknadane endå eit forslag for bruk av overskotsmassar.

I mail frå vedkomande heiter det:

«Såg i førre Samningen at Næringsforumet var ute med høyringsuttale i samband med bruk av overskotsmassar frå K5 og andre vegprosjekt. Eg har hatt ein senior ingeniør frå Vegvesenet på synfaring hos meg. I sandtaket mitt har eg stipulert eit mottak opp ot 500,000 kbm med steinmassar. Sandtaket skal dyrkast etter masseuttaket er avslutta, slik at oppfylling med steinmassar vil vera samfunnsnyttig.»

Me beklagar at dette forslaget ikkje var med i vår høyringsuttale datert 13.06, men håper likevel forslaget vert vurdert på linje med andre forslag til bruk av overskotmassar.

Sandtaket det er referert til er lokalisert i Rolvsvåg ved Rolvsvåg Industriområde. Avstand frå rundkøyringa på Trengereid til sandtaket er ca. 14 Km.

Ta gjerne kontakt om spørsmål.

Med beste helsing

For  *Samnanger Næringsforum*

Knut Bjørnås (Sign)

Mobil: 97094408

e.mail: knut.bjoernaasotmail.com

Kopi: Samnanger Kommune, Tyssevegen 217, 5650 Tysse.